

Fra: Flø, Hilde Amundsen [<mailto:Hilde.Amundsen.Flo@helse-mr.no>] **På vegne av** Direktør Helse Møre og Romsdal

Sendt: 17. september 2015 11:06

Til: Heidi Jørgensen Gjersvold <heidi@nnr.no>

Kopi: Postmottak HMR <Postmottak_MR.Postmottak_MR@helse-mr.no>

Emne: vedkomande «Sykehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) og Regionalt senter for helseinnovasjon og samhandling på Nordmøre»

Til **Nordmøre Regionråd - ORKidé** v/Heidi Jørgensen Gjersvold

Viser til dykkar brev/e-post motteken den 30. juni 2015, vedkomande «*Sykehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) og Regionalt senter for helseinnovasjon og samhandling på Nordmøre*». Helse Møre og Romsdal (HMR) anerkjenn Orkidé for eit konstruktivt innspel og engasjement i forhold eit svært viktig tema. En aktiv haldning til å finne gode samarbeidsarenaer for framtidig utvikling av helsetenestene for Nordmøre er noko helseføretaket støttar, og oppmodar også Orkidé om å vere i førarsetet i arbeidet framover.

Lansering av ide om eit nasjonalt pilotprosjekt; regionalt senter for helseinnovasjon og samhandling

Orkidé legg i brevet fram tankar kring planlegging, samarbeid og innhald i eit slikt senter. Det er skissert eit firedelt innhald der del 3 utgjir spesialisthelsetenester, eit område som ligg i kjerna av HMR sitt oppdrag om å etablere eit godt medisinsk tilbod i Kristiansund: «*Foretaksrådet understreker at det må planlegges for et godt poliklinisk tilbud/ distriktsmedisinsk senter i Kristiansund, og at de prehospitaltjenestene videreutvikles slik at en sikrer en forsvarlig akuttberedskap og ivaretar de innbyggerne som får lengst reisevei til sjukehus*»(Utdrag frå føretaksprotokoll frå møtet med Helse- og omsorgsminister Bent Høie, 19.12.2014).

SNR er meir enn eit akuttsjukehus, og det er derfor viktig å presisere at prosjektnavnet Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR) inkluderar både felles akuttsjukehus, og eit godt poliklinisk tilbod/distriktsmedisinsk senter i Kristiansund.

HMR ser også at Orkidé i brevet gjentek at dei står fast på si høyringsuttale frå idéfasearbeidet, om at ein skal planlegge for eit fullverdig felles akuttsjukehus for innbyggjarane i Nordmøre og Romsdal.

Ein del av konseptfasen og forprosjekt i SNR

HMR ønskjer å koble delar av utviklingsarbeidet i senteret opp mot prosjektorganisasjonen, og at det knyttast til konsept og forprosjektfasen for SNR. Bindeleddet inn mot prosjektorganisasjonen vil naturleg vere gjennom prosjektleiar frå fagmiljøa i Molde og Kristiansund som no er på plass. Prosjektleiarane har eit mandat om å samarbeide tett med kommunar, fagmiljø og andre samarbeidspartnarar. Dette inkluderer også utviklingsprosjekt som omhandlar samhandling med spesialisthelsetenesten.

Helseføretaket er positiv til å vere med på å støtte arbeidet i eit forprosjekt inntil eit hovudprosjekt er etablert, men omfanget må avklarast. Det vil vere ein styrke for eit slikt forprosjekt at både kommunar, fylke og helseføretak dannar eit arbeidsfellesskap for å vurdere moglegheiter for realisering. Ei utvikling innan samhandlingsfeltet der ein på ein betre måte kan gjere kunnskap og kompetanse mellom nivå lettare tilgjengeleg, fordrar også eit aktivt samarbeid frå kommunane.

Ein ber derfor om ein prosjektsøknad som tydelegegjør omfang, tidsløp og målsettingar, og at det kjem fram korleis dette samla er tenkt finansiert og aktuell fordeling mellom ulike partar.

Vegen vidare

HMR ber om at ein tek kontakt med prosjektdirektør i SNR, Bjørn Remen, så snart som mogeleg for å sikre at samarbeidskontaktar blir etablert. Orkidé og RoR blir administrativt også invitert til oppstartseminar for SNR på Oppdal 28. september 2015, for å seie noko om sitt syn og gi innspel til prosjektutviklinga.

Helseføretaket vil også invitere representantar for arbeidsgruppa til styremøte under orienteringsbolken den 30. september 2015, slik at styret i HMR også er informert om planane.

Avslutningsvis ønskjer vi å understreke at dette er eit konstruktivt innspel, og at vi er positive til å bidra inn i arbeidet framover – spesielt med tanke på korleis ein skal løyse spesialisthelsetenesta i samhandling med primærhelsetenesta og private aktørar. IKT er ein viktig del av samhandlinga, og her har Nordmøre mykje å bidra med inn i planlegginga. Vi oppmodar Orkidé til å fortsette å ta leiarskap til prosjektet.

Med vennleg helsing
Espen Remme
Administrerende direktør

Helse Møre og Romsdal HF



 +47 70 10 68 04 (sekretariat)

 espen.remme@helse-mr.no

 helse-mr.no

 facebook.com/HelseMoreogRomsdal